

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 40/2003

Møtedato: 16.6.03

Arkiv nr:

## RUDVANG/FORSET – SØKNAD OM STØL

Åse Fauske søkte i 1993 om å få vist ut støl på vestsida av Rensenn. Det omsøkte areal er på ca 5 dekar. Åse Fauske har eigedomene Rudvang og Forset som til saman er på ca 105 da dyrka. Stølen er tenkt nytta for tilsyn av dyra, haustbeite og samling for heimtransport.

Søkjaren har del i fellesstølen for geit i Baklia, men det er ikkje mogeleg å kombinera dette med sauedrift. Forset hadde støl på Flyin, men grunna dei spesielle forholda i saka fann ikkje Åse Fauske å ville krevja denne stølsretten.

Fjellstyret såg på saka saman med søkjaren og Statskog under befaring den 31.8.93.

I følgje stølsforskriftene § 1 kan jordbrukar som godtgjer at det trengst støl til drift av garden få vist ut støl, men fjellstyret bør rådføre seg med jordbruksstyresmaktene når det gjeld spørsmålet om behov for støl.

Landbrukssjefen har i skriv av 16.8.93 tilrådd at Åse Fauske får vist ut den omsøkte stølen. I sak 60/93 gjorde fjellstyret vedtak om å leggja stølen ut til offentlig ettersyn. Det kom ingen merknader ved utlegginga.

Fyrst i brev datert 20.5.99 gav landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen tilråding til at Åse Fauske kan få vist ut støl. Søkjaren hadde i mellomtida slutta med husdyrhald og søknaden vart derfor ikkje sluttbehandla i fjellstyret.

I brev datert 20.4.03 skriv Åse Fauske at det har vore eit opphald i husdyrhaldet, men at sonen har planer om å starte opp att med dyr innan 5 år. Med bakgrunn i dette søkjer ho om utsetting på 5 år for å ta stølen i bruk.

I sak 28/03 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

*Fjellstyret finn ikkje å kunne vise ut støl når bruket ikkje har husdyrhald og vil fyrst vurdere dette når søkjaren har starta opp att med husdyr.*

*I følgje §28 i forvaltningsloven kan det klagast over vedtaket. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.*

Åse Fauske ber i brev datert 9.6.03 der ho ber fjellstyret vurdere om ho kan få eit tilsegn om å få vist ut støl når ho startar opp med husdyrhald. Stølen er ein vesentleg del av driftsopplegget og ho vil gjerne få avklara at ho får vist ut støl når drifta blir starta opp att.

Statskog skriv i brev datert 13.6.03 følgjande:

*Det har ikke vært vanlig praksis å vise ut nye støler til sauedrift i statsallmenningene her selv om det unntaksvis har skjedd.*

*I gjeldende forskrift er kommentarene fra tidligere forskrift tatt ut. Der stod det:*

*Behov for husvær for tilsyn av beitedyr, slipp om våren og samling om høsten, er alene ikke grunnlag for å få utvist seter.*

*Selv om landbruksmyndighetene ved forrige gangs søknad tilrådde utvisning av støl, finner Statskog ikke å kunne tilrå at det utvises ny støl til sauehold.*

*I og med at eiendommene tidligere har hatt støl i allmenningen, og har så mye som 105 daa dyrket mark, kunne en kanskje vurdere om en støl som eventuelt blir ledig, kan overføres eiendommene. Det måtte da være en støl som faller i det fri p.g.a. at eiendommen ikke lenger regnes som jordbruk eller er slått sammen med annen eiendom som har støl fra før, det ikke er aktuelt med festekontrakt med tidligere eier, og fjerning av stølen, som kanskje er verneverdig, er alternativet.*

Vestre Slidre fjellstyre har hatt praksis med å vise ut støl til sauedrift, trass Statskog sitt syn. Fjellstyret er positive til å vise ut støl til Forset/Rudvang når det blir etablert tilsvarende drift som i 1993. Med dei framdriftsplanar som er lagt fram i søknaden, blir dette for lang tid fram til at fjellstyret kan vise ut støl no. Søkjaren må derfor søke på nytt når det er meir konkrete planer om å starte opp med husdyrhald.

**VEDTAK:**

Fjellstyret finn ikkje å kunne vise ut støl til Rudvang/Forset.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan det klagast over vedtaket. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 19.6.03

Kjell Strand  
fjellstyreleiar

Utskrift: Åse Fauske  
Statskog  
Vestre Slidre kommune LNT